

Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.
202314385Anne Marte Schei

Vår ref.
23/5505 - 18

Dato
19.01.2026

KOMMENTAR TIL FRÅSEGN - 132 KV TOMASGARD - BØ

Høyringsfristen for konsesjonssøknad for ny 132 kV Tomasgard – Bø, samt ny Bø transformator gjekk ut 12.11.25. Linja har motteke 15 høyringsfråsegn, og vil i det følgande kommentere fråsegna.

202314385 – 14 -Statens vegvesen:

Statens vegvesen skriv at om søkte tiltak ikkje vil komme i konflikt eller nærføring med Europa – eller riksveggar i Volda kommune. Dei har ingen merknad til søknaden.

Linja informerer om at det er søkt om kryssing av RV15 i Stryn kommune. Linja vil følgje gjeldande lovverk under planlegging og bygging av tiltaket.

202314385 – 15 - Gloppen kommune:

Gloppen kommune har ikkje kommentar til oppgradering av Reed og Sandane transformatorstasjon. Kommunen er positive til sanering av eksisterande Øksenelvane – Sandane.

Linja har ingen kommentar til innspelet.

202314385 – 16 - Norhus Ørsta AS:

Norhus Ørsta kommenterer i sitt fråsegn at området rundt Bø transformatorstasjon er under utvikling. I samband med utbygging har utbygger av bustadfeltet teke kostnaden med å legge trekkerør for framtidig høgspenning. Dei skriv vidare at Linja er positive til kabel i området. Norhus Ørsta ønskjer at NVE gir konsesjon på alternativ 4 (jordkabel) i søknaden.

Linja bekreftar at Norhus Ørsta har lagt ned kabelrør, og at dette vil bidra til å redusere kostanden med kabel. Linja viser til NVE sine retningslinjer for bruk av jordkabel i regionalnettet. Som hovudregel skal ein nytte luftleidning for nett over 22 kV nivå. Jordkabel kan likevel velgast under gitte vilkår. Linja meiner at fleire vilkår er innfridd på denne delstrekninga. Kabel kan velgast på begrensa delstrekningar dersom luftleidning vil gi store ulemper for bu miljø der det er knappheit på slik areal, eller dersom kabel gir ei betre totallossing for eksempel ved at kabel ut og inn av transformatorstasjonar kan avlaste omsyn til busetnad og nærmiljø. Det er også beskrive at det kan vere aktuelt med kabel dersom kabel er finansiert av nytteharar for å frigjere areal.

Som beskrive over er kabelgrøfter finansiert av utbygger av nærliggande bustadfelt. Linja meiner også at kabel er ei god teknisk løysing då ein likevel må midlertidig kable luftleidningen Bø – Dragset under anleggsarbeidet, og med dette kan legge ei permanent løysing i eksisterande kabelrør. Det er ingen tvil om at luftleidning i dette området vil komme nært på bustadane, og at dette visuelt vil vere belastande. Linja meiner likevel at ein vil kunne bygge luftleidning i henhold til gjeldande lovverk, og har derfor om søkt begge alternativ.

202314385 – 18 - Rasmus Endre Bø:

Rasmus Endre Bø er grunneigar ved Bø transformatorstasjon. Han er positiv til kabel av siste stykket inn mot stasjonen på strekninga Tomasgard – Bø. Bø skriv vidare at han sett pris på at det er lagt vekt på ein fasade på stasjonen som glir naturleg inn i miljøet, og at han av den grunn også ønskjer at det blir lagt kabel vidare ned mot RV15.

Linja har ingen kommentar til innspelet.

202314385 – 20 - Stryn Kommune:

Stryn kommune er positive til oppgradering av kraftleidningen mellom Tomasgard og Bø. Kommunen skriv i sitt fråsegn at dei ønskjer alternativ 4 ved Bø transformatorstasjon, og at dei ønskjer at jordkabel blir lagt så langt mot Strynelva som råd med tanke på ny områdereuleringsplan for Stryn sentrum. Dei ber vidare om at dersom linja blir plassert som vist i konsesjonssøknad at det planleggast med tilstrekkeleg høgde til å ta omsyn til ladestasjon for bil og buss. Kommunen ber om eit samarbeid om landbruksveg lags planlagt avskjeringsgrøft mellom m2 og m9.

Linja har ikkje søkt om endring på tiltak frå RV15 og ned til Stryneelva (Eksisterande Dragset – Bø). Linja har tidlegare fått innspel frå grunneigar om ønskje om kabel i dette området, men har lagt vekk alternativet etter påvising av kvikkleire ved undersøkingar utført av Sunnfjord Geocenter. Linja tek med seg innspel om å tilpasse høgde på luftleidningen for å legge til rette for busslading. Endemast ved RV15 vil vere dimensjonerande for høgda, då ein ikkje søker om endring av andre deler av anlegget mot Stryneelva.

Linja nyttar i utgangspunktet kun midletertidge køyreruter og allereie eksisterande vegar under anleggsarbeidet. Linja ønskjer likevel dialog knytt til veg mot avskjeringsgrøfta for å sjå på mogleg avtale knytt til bruk av vegen.

202314385 - 21 - John – Erik Nedreberg:

Nedreberg er grunneigar ved Tverrfjellet, og utbygger av 2 stk hyttefelt i området. Nedreberg ber om at ein tar omsyn til hytteområda presentert i vedlegg til fråsegnet. Nedreberg ønskjer, slik Linja forstår det, at ein nyttar eksisterande trase ved Tverrfjellet sidan dette alternativet vil gje mindre inngrep, samt ligge lågare i terrenget knytt til utbygging av Hogdeteigane. Ved Øvrebergsætra ber grunneigar om at traseen blir lagt ned i terrenget for å skjerme for utsikta til hyttefeltet, samt at ein gjer tilpassing på stolpane. Nedreberg ønskjer at Linja bruker vegane til hyttefelta under anleggsarbeidet, samt at ein ellers utnyttar seg av køyring på frost.

Linja har søkt om to alternativ forbi Tverrfjellet ved Hogdeteigane hyttefelt. Alternativ 2 er om søkt for å ta omsyn til nye hyttefelt, slik at luftleidningen kjem ut av regulert område (Sjå vedlagt kart). Alternativ 2.1 er om søkt for å ivareta tilbakemeldingane etter konsekvensutredningane. Linja bekreftar at alternativ 2 vil ligge høgare i terrenget enn alternativ 2.1. Alternativ 2.1 vil likevel ikkje ligge i silhuett, og derfor ha god bakdekkning samt komme lenger frå hytteområdet. Linja vurderer at begge alternativ vil kunne byggast på ein god måte.

For Øvrebergsætra vil ein få ei visuell endring frå hytteområdet. Traseen er plassert vesentleg lenger nede i terrenget enn hyttefeltet, og ca 600 meter i luftlinje frå området. Ein vil vurdere høgde på mastene under detaljprosjektering, men normalt er mastene mellom 15 m - 20 m høge. Linja må følgje krav gitt i føreskrifter for å ta omsyn til både terreng og kryssande infrastruktur. Høgare master vil kunne legge til rette for lenger spenn og færre mastepunkt, og derav også minske naturinngrepet. Avbøtande tiltak for å redusere det visuelle intrykket kan vere fargesetting av stolpane, samt bruk av matt line. Generelt prøver ein å unngå master i silhuett.

Linja vil beskrive anleggsvegar og arbeidsmetode i detaljplanen. Linja ønskjer dialog med grunneigarane knytt til bruk av private vegar.

202314385 – 25 - Frode Grinde, Siw Ødven og Bjørn Grov:

Uttalen er sendt av naboar til eksisterande Øksenvane – Sandane. Naboane er svært galde for at Linja ønskjer å fjerne anlegget. Dei beskriv ein leidning av dårleg teknisk stand, samt bekymring knytt til drift og vedlikehald av leidningen.

Leidningen mellom Øksenvane og Sandane er ved endt teknisk levetid. Linja meiner likevel at anlegget blir drifta forsvarleg fram til sanering.

202314385 – 26 - Møre og Romsdal Fylkeskommune

Møre og Romsdal Fylkeskommune informerer om ny FV 60 ved Raudestøl industriområde, og ber om at mastene blir prosjektert med slik høgde at dei ikkje kjem i konflikt med ny veg.

Linja vil ta kontakt med fylkeskommunen under prosjektering av anlegget, slik at veg og leidning blir planlagt på ein slik måte at dei ikkje kjem i konflikt med kvarandre.

202314385 – 30 - Jon Åge Torheim

Torheim er grunneigar og eigar av sagbruk ved Tomasgard, og ber om at Linja tek omsyn til byggeforbodsoner under prosjektering av anlegget. Grunneigar ber om at bruk av skogsvegar kompenseras ved utbygging av anlegget. Vidare kommenterer Torheim at han reagerer på at det skal byggast flaumvoll ved Storelva, og ber om at denne byggast inne på Linja sitt område. Ein ber om vurdering av jordkabel frå Tomasgard til utmark.

På traseen mellom Tomasgard og Geitskaret har Linja om søkt spenningsoppgradering. Dette betyr at ein vil behalde dei fleste mastene, og endringa vil skje i toppen av masta. Ein vil på den måten heller ikkje utvide fase - og stolpe -avstanden på linja. Dagens forbodsbelte på Tomasgard – Geitskaret er 18 meter, og Linja må utvide dette til 26 meter. Det vil bety ei utviding på 4 meter på kvar side av leidningen. Linja har plikt til å ta omsyn til eksisterande viktige bygningar under planlegging av arbeidet.

Linja vil kompensere for bruk av private vegar i tråd med gjeldande standard satsar.

Dersom Linja må bygge flaumvoll for å i vareta sikkerheita til anlegget på Tomasgard håper ein å kunne gjere dette innanfor eksisterande areal ved Tomasgard transformatorstasjon. Detaljprosjektering vil avdekke evt. behov for ekstra areal.

Linja viser til NVE sine retningslinjer for bruk av jordkabel i regionalnettet. Som hovudregel skal ein nytte luftleidning for nett over 22 kV nivå. Linja vurderer at det ikkje er aktuelt å nytte jordkabel for andre delstrekningar enn det som allereie er om søkt i konsesjonssøknaden.

202314385 – 31 - Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:

Statsforvaltaren i Vestland ber om at ein tar omsyn til trua fugleartar og unngår støy i hekkeperioden. Ved barmarkskøyring ber dei om at ein følgjer Statnett si handbok for terrengbehandling og unngår køyring i myr. Statsforvaltaren ber om at ein gjer tiltak for å ta vare på vassmiljøet under utbygging, og at ein unngår inngrep i gyteperioden.

Linja vil bygge anlegget i tråd med vilkår gitt i anleggskonsesjonen.

202314385 – 32 -Naturvernforbundet i Møre og Romsdal:

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal ber om å vurdere bruk av spenningsoppgradering i eksisterande trasear og bruk av meir miljøvennleg linje. Vidare skriv dei at ein bør vurdere bruk at jordkabel, sidan dette er vil ha store miljøfordelar. Dei påpeikar at ny trase vil gå i urørt natur, og at derfor må gjere tilpassingar for å redusere inngrep i naturen.

Linja har gjort vurdering av spenningsoppgradering av heile traseen mellom Tomasgard og Bø. Vurderinga er at leidningen i Stryn kommune har begrensa restlevetid og er av dårlegare stand enn leidning i Volda kommune. Linja fekk innspel frå grunneigarane ved Ullsheim skistadion om at dei ønskja å fjerne leidningen over stadion. Markane transformator er ikkje lenger i drift, og Linja vurderte derfor at ein kortare og gunstigare trase mot Bø var aktuelt. Linja har om søkt komposittmaster for anlegget mellom Geitskaret – Bø. Mastene er meir miljøvennlege enn dei tradisjonelle tremastene med kreosot impregnering. Ved bruk av komposittmaster vil ein kunne bygge leidningen med færre master enn ved bruk tremaster, og derfor også minske inngrepet i naturen. Linja vil gjere vurderingar knytt til skånsamt linjerydding knytt til heile tiltaket for å unngå å hogge meir skog enn nødvendig.

Linja viser til NVE sine retningslinjer for bruk av jordkabel i regionalnettet. Som hovudregel skal ein nytte luftleidning for nett over 22 kV nivå. Linja vurderer at det ikkje er aktuelt å nytte jordkabel for andre delstrekningar enn det som allereie er om søkt i konsesjonssøknaden.

202314385 – 33 - Per Lunde og Berit H. Lunde:

Lunde skriv at dei er direkte berørt av kraftleidningen ved kryssing av utmarksteigar ved Lunde. Ved Lundasæter er grunneigar indirekte berørt ved at leidningen er svært synleg i tuområdet og frå Lundasætra.

Grunneigar skriv at utbygginga vil kunne påverke natur, landskap og miljø i lang tid framover. Lunde beskriv at ny leidning frå Geitskaret til Bø blir lagt i urørt natur. Vidare foreslår Lunde tiltak som kan redusere skadeverknadar for tiltaket: Jordkabel frå Geitskaret til Bø, reduksjon av mastehøgde og leidning breidde, gjenbruk av maste, val av alternativ 2.1 i konsesjonssøknad (eksisterande trase), Omlegging av trase ved blå nibba for å redusere visuelt inntrykk, krav til minimal natur og miljø påverknad, arbeid på frostlagt bakke, samt ikkje vedtak om ekspropriasjon.

Linja viser til NVE sine retningslinjer for bruk av jordkabel i regionalnettet. Som hovudregel skal ein nytte luftleidning for nett over 22 kV nivå. Linja vurderer at det ikkje er aktuelt å nytte jordkabel for andre delstrekningar enn det som allereie er om søkt i konsesjonssøknaden.

Linja må bygge mastene i henhold til gjeldande krav og reglar. Ein vil vurdere høgde over terreng som del av detaljprosjekteringa. Det er likevel viktig å merke seg at høgare master vil kunne legge til rette for lenger spenn, færre master og derav også mindre inngrep i naturen. Avbøtande tiltak for å redusere det visuelle inntrykket kan vere fargesetting av stolpane, samt bruk av matt line. Generelt prøver ein å unngå master i silhuett. Klausuleringsbeltet er fastsett gjennom krav for dei ulike spenningsnivåa.

Linja har vurdert spenningsoppgradering av heile traseen mellom Tomasgard og Bø. Vurderinga er at leidningen i Stryn kommune har begrensa restlevetid, og er av dårlegare stand enn leidningen i Volda kommune. Spenningsoppgradering er derfor ikkje om søkt for denne delstrekninga. Linja fekk innspel frå grunneigarane ved Ullsheim skistadion om at dei ønskja å fjerne leidningen over stadion. Markane transformator er ikkje lenger i drift, og Linja vurderte derfor at ein kortare og gunstigare trase mot Bø var aktuelt.

Linja ønskjer å inngå minnelege avtaler med grunneigar. Etter at endeleg vedtak er fatta i saka vil Linja ta kontakt med berørte grunneigarar. Dersom ein ikkje kjem til minneleg avtale har Linja behov for rett til ekspropriasjon av grunn.

Linja vil bygge ledningen i henhold til krav som blir gitt i anleggskonsesjon.

202314385 -34 - Volda Kommune:

Volda kommune er positive til gjenbruk av trase for å redusere dei negative verknadane av utvidinga. Kommunen oppmodar om å gjere arbeidet så skånsamt som mogleg, mellom anna ved å gjere tiltak for å avgrense skade frå køyrespor. Vidare ber Volda kommune om at arbeidet blir tilpassa fuglane sine hekkesesong for å redusere negative verknader. Volda kommune uttaler at dei saknar ei samanstilling av prissette og ikkje prisette vurderingar i ein tabell.

Linja vil bygge anlegget i henhold til krav som blir gitt i anleggskonsesjonen.

Linja har gjort vurdering av både samfunnsøkonomi og vurdering av miljø, natur og samfunnsinteresser. Det stemmer at Linja ikkje har presentert desse i same tabell, men verknadene er likevel vurdert og presentert i kapittel 4 og 5 i konsesjonssøknaden.

202314385 – 36 - Vestland Fylkeskommune:

Vestland Fylkeskommune vurderer tiltaka i søknaden som svært viktige for å sikre forsyningstryggleiken og legge til rette for utvikling i indre Nordfjord. Fylkeskommunen ber om at det blir stilt vilkår om m § 9-

undersøkingar før anleggsarbeidet startar, og at det vert teke omsyn til friluftsliv og vassmiljø i den vidare planlegginga.

Linja vil bygge anlegget i tråd med vilkår som blir gitt i anleggskonsesjonen.

202314385 – 37 - Statsforvaltaren i Vestland:

Statsforvaltaren i Vestland skriv i si uttale at oppgraderinga har stor samfunnsnytte, og meiner det er positivt at Linja ønskjer å sanere Øksnelvane – Sandane. Statsforvaltaren skriv vidare at den nye leidningen vil føre til eit betydeleg tap av naturverdiar, då det ikkje blir frigjort naturområde med spesielle verdiar ved riving av leidningen til Markane, mens det nye tiltaket vil føre til inngrep i fleire arts – og naturførekomstar. Statsforvaltaren saknar eit alternativ som følger eksisterande trase, som unngår inngrep i upåverka naturområde. Statsforvaltaren skriv at ein likevel kan redusere mykje av det konkrete naturtapet med ei relativt enkel tilpassing, og støttar sterkt tilrådinga i KU om å oppgradere linja i eksisterande trase (2.1) i konsesjonssøknaden. Ein oppmodar om skånsam skogrydding, samt at tiltak blir utført med minst mogleg varige inngrep i natur. Statsforvaltaren ber om at det blir sett vilkår om relevante avbøtande tiltak foreslege i KU. Dei legg til grunn at inngrep i elv og kantevegetasjon blir avklara med Statsforvaltaren før oppstart, samt at sikring tek omsyn til fisk og anna naturmiljø. Vidare skriv Statsforvaltaren at dei ikkje har merknader til transformatorstasjonane, men at evt. kabelgrøfter må bli stelt til i tråd med moderne praksis.

Grunnlaget for val av trase er basert på tilbakemelding frå grunneigarar og Stryn kommune. Linja har foreslått trasealternativ som går nærare Ullsheim stadion. Grunneigarane ønskjer ikkje dette alternativet då ein kjem nært både skistadion og panoramaløype. Ein har vurdert spenningsoppgradering av eksisterande linje, men leidningen er ved endt teknisk levetid. Den nye traseen er kortare, og tek omsyn til innspel frå tidleg fase. Ein vil, slik Statsforvaltaren beskriv, kunne redusere noko av det konkrete naturtapet med å legge traseen til alternativ 2.1, eller utføre avbøtande tiltak foreslått i KU.

Linja vil bygge anlegget i tråd med vilkår gitt i anleggskonsesjonen.

202314385 – 37 - Statnett:

Bø transformatorstasjon vil tilfredsstille krav i kraftberedskapsforskrifta. Vi vil også avklare systemløysing med Statnett gjennom melding etter FOS §14. Linja vil laste opp eit meir detaljert einlinjeskjema på «min side». Det er også gjort mindre korrigeringar på stasjonsbygning for å sikre god plass for utviding, samt krav i NVF. Nye korrigeringar vil likevel vere innanfor eksisterande tomtegrense. Linja vil ettersende nye stasjonsteikningar etter nyttår .

Venleg helsing
Linja AS

Gunnar Vassbotten
Avdelingsleiar Plan/Investering/Inntak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

